
Vår referanse 2020/75016-11
Dato 05.01.2021

RIKSANTIKVAREN
Postboks 1483 Vika
0116 OSLO

Søknad om tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 73 - konservering av mellomalderruinar – Vestland fylke

Frå 2020 overtok Vestland fylkeskommune sakshandsaminga for tilskot til konservering av mellomalderruinar i Vestland frå Riksantikvaren. Søknadsfristen for ordninga var 1. november 2020. Det er komen inn tre søknadar.

Omtale av søknadane

Dei tre søknadane er:

- Halsnøy kloster, ID 64166. Søkjar: Sunnhordland museum. Samla sum: 1 918 750 kr.
- Lyse kloster, ID 6459. Søkjar: Bjørnafjorden kommune. Samla sum: 1 200 000 kr.
- Selje kloster, ID 83760, 84839. Søkjar: Stad kommune. Samla sum: 2 100 000 kr.

Samla sum for alle søknadane er 5 218 750 kr.

Alle dei tre prosjekta har vore prioritert i Riksantikvaren sitt ruinprosjekt, og det har gjennom fleire år pågått konservering av ruinane for å søkje å oppnå ein tilstand der ordinært vedlikehald er tilstrekkeleg for å halde dei i TG1.

Halsnøy kloster

Det vert hovudsakleg søkt om midlar til å fortsette murkonservering i rom V1 og V2 som vart påbegynt i 2020. Sunnhordland museum legg opp til seminar med murmeister og forvaltinga for nærare planlegging av konserveringsarbeidet for 2021. I tillegg søkjast det om midlar til formidling, skjøtsel og kompetanseheving.

Lyse kloster

Tilstandsvurdering av ruinen frå 2012 har vore grunnlag for årleg konservering. Prioritert tiltak for 2021 vil vere sikring av dei seks gravene i nordre kapell. Det er naudsynt med ytterlegare utredning av skadeomfang, tolegrense av marktrykk og vurdere/etablere eit nytt vernebygg. Detaljar om vidare arbeid og konservering fastsettast etter synfaring i ruinen med Bjørnafjorden kommune, Vestland fylkeskommune og Byantikvaren i Bergen som fagansvarleg.

Selje kloster

Konserveringsplan 2006-2020 vart oppdatert i desember med tiltak for 2021. Det er søkt om midlar til konservering, skjøtsel, formidling/tilrettelegging og anna som omfattar igangsette, mindre forskingsprosjekt. Det er behov for tiltak i tårnet og ulike tiltak og kontrollar i nord-, øst-, sør- og vestfløyen i klosterfirkanten, likeins i sjukestova (smia) og gjestehus N1 og N2. Arbeid med Sunnivakirken har høg prioritet. Det er vidare lagt inn kontroll og eventuelle tiltak på sti og trapp til Sunnivahola, terrassen, kyrkjegarden, ytre klostermur, kai og molo og vanleg vedlikehald på området rundt klosteret.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
Seksjonssjef

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Søknad Halsnøy kloster
- 2 Søknad Lyse kloster
- 3 Søknad Selje kloster